



Til medlemene i Valstyret

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Valstyret

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Dato: 13.08.2015

Tid: 13:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka |
|-------------------|---|-------|
| | Saker til handsaming | |
| PS 6/15 | Arbeidsgruppe for godkjenning av førehandsrøystene ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015 | |
| PS 7/15 | Val av medlemmar til røystestyrene ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015 | |
| PS 8/15 | Oppteljing av røyster ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015 | |

Saker til handsaming

Saker til handsaming



| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------|-----------|------------|
| Valstyret | 6/15 | 13.08.2015 |

Arbeidsgruppe for godkjenning av førehandsrøystene ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Førehandsrøysting ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015 er på kommunehuset. Førehandsrøystinga vert avslutta fredag 11. september kl. 15.00.

Førehandsrøystene kan godkjennast med unnatak av 20 stykk som leggjast til side for å blandast med dei som eventuelt kjem per post måndag 14. september.

Valstyret har tidlegare valt ei arbeidsgruppe på tre personar for å handsame førehandsrøystene.

Arbeidsgruppa har tidlegare møtt på kommunehuset 14. september kl. 17.00 for å godkjenne førehandsrøystene. Valstyret må vedta når arbeidsgruppa skal møtast. Alt administrativt arbeid er ferdig klokka 15.00 på valdagen. Arbeidsgruppa kan starte så tidleg som kl. 15.00, men ikkje seinare enn kl. 17.00.

I regelverket heiter det:

17.3 Førebels oppteljing

Førebels oppteljing av førehandsrøyster som er mottekne, godkjende og kryssa av for i manntalet før valdagen, skal starte seinast fire timar før alle vallokala i kommunen er stengde på valdagen måndag. Føresetnaden er likevel at ein kan gjere dette utan å ”stride mot prinsippet om hemmelege val”, jf. vallova § 10-5 (1). Det vil seie at dersom kommunen tek imot få førehandsrøyster, kan ein ikkje starte førebels oppteljing av desse før røystegivinga er avslutta valdagen. I staden må røystegivingane leggjast til sides og blandast med eventuelt seint innkomne førehandsrøystegivingar. Oppteljinga startar da så snart alle førehandsrøystegivingane er godkjende.

Dersom kommunen får inn mange nok røyster til at førebels oppteljing kan gjennomførast, må valstyret sjå til at eit visst tal røystegivingar blir lagde til sides for å bli blanda med seint innkomne røystegivingar, jf. valforskrifta § 37. Dersom førebels oppteljing av førehandsrøyster skjer krinsvis, må det leggjast til sides eit visst tal per krins.

Røystegivingar som blir lagde til sides, skal ikkje takast med i førebels oppteljing som blir gjennomført før valtinget er stengt valdagen. Kor mange som blir lagde til sides, avgjer

valstyret sjølv, men det må vere stort nok til å sikre at dei førehandsrøystegivingane som valstyret får inn etter at oppteljinga har starta opp, blir verande anonyme ved oppteljinga. Desse røystene kan først teljast opp etter kl. 21.00 valdagen, og dei blir bokførte særskilt i møteboka.

Valstyret kan sjølv avgjere når det vil starte teljinga før tidspunktet som er nemnt i lova. Førebels oppteljing kan likevel ikkje ta til før valdagen måndag.

Det er ikkje høve til å ”offentleggjere” resultat frå den førebelse oppteljinga før klokka 21.00 valdagen måndag, jf. vallova § 9-9. Å gi opplysningar om resultatet til media eller til forskarar er ikkje det same som offentleggjering. Dersom valstyret gir slike opplysningar om resultatet før klokka 21.00, må det også gjere merksam på sperrefristen. Den som tek imot informasjon om resultat frå røystegivinga før fristen har gått ut, har eit eige sjølvstendig ansvar for å sjå til at informasjonen ikkje blir offentleggjord før kl. 21.00.

Valstyret må og vere tilgjengelege heile kvelden den 14. september for vurdering av eventuelle tvilsame røyster.

Rådmannen si tilråding:

Saka leggst fram utan tilråding.

Utskrift til:



Saksframlegg

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------|-----------|------------|
| Valstyret | 7/15 | 13.08.2015 |

Val av medlemmar til røystestyrene ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Kvar valkrins har eit røystestyre.
Det har vore røystestyre med leiar, nestleiar, medlemmar og vara.

Frå 1. januar 2012 vart det innført nye reglar som avgrensa oppgåvene listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val. Listekandidatar kan frå då av ikkje lenger vere røystemottakarar. Departementet ber kommunane i den grad det er mogleg, om å ta omsyn til denne endringa i arbeidet med å utnemne røystemottakarar.

Etter Kommunestyre- og Fylkestingsvalet i 2011 kom det fram ynskje om at leiar av røystestyret burde vere kommunalt tilsett og få ein god gjennomgang av lovverket.

Ved førre val hadde me følgjande røystestyrer:

Krins 01 Seljord:

Leiar: Åse Venås
Nestleiar: Karin Susanne Lauvstad

Medlem: Haldis Reitan Thorvaldsen
Medlem: Helge Skaret
Medlem: Knut Dyrland
Medlem: Inge Nilsen
Medlem: Karin F. Skori
Medlem: Solfrid Bjørge

1. vara: Inger Marie Espeland
2. vara: Ragnar Skoland

Krins 05 Flatdal:

Leiar: Tone Bøhn
Nestleiar: Gerd Unni Haugstoga

Medlem: Gunnvor Hegni
Medlem: Høye Rue

1. vara: Geir Haugan
2. vara: Eva Lognvik

Krins 08 Åmotsdal:

Leiar: Reidun Groven
Nestleiar: Bjørg Nordbø

Medlem: Eivind Dyrland
Medlem: Anne Kultan

1. vara: Sigrun Dyrland Eidal
2. vara: Sigmund Valhovd

For dette valet kan me bruke same røystestyre, med unntak av Helge Skaret i Seljord og Reidun Groven i Åmotsdal.

Ein kan velje opprykk på dei to krinsane det er snakk om, i så fall må det veljast ny 2. vara både for krins Seljord og krins Åmotsdal. Elles må det veljast ny leiar for krins Åmotsdal, og nytt medlem for krins Seljord.

Rådmannen si tilråding:

Saka leggst fram utan tilråding

Utskrift til:

**Saksframlegg**

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-----------|-----------|------------|
| Valstyret | 8/15 | 13.08.2015 |

Oppteljing av røyster ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Ved tidlegare val har leiar og nestleiar frå kvar røystestad kommet til kommunehuset med forseгла urne, og førebels og endeleg oppteljing for alle kretsane har gått føre seg der.

Dette er ein god praksis, då oppteljingsansvarleg har gode rutinar på det, alle røyster blir handsama likt, og det gir mindre risiko for at noko kan skje med røystene på vegen til endeleg oppteljing, sidan færre personar handsamar dei.

I regelverket heiter det:

Vallova § 10-4 har prinsipp for oppteljing av røystesetlar. Regelen gjeld både for røyster gitt på førehand og for røyster gitt på valtinget.

Ansvar for oppteljinga ligg hos valstyret, jf. § 10-4 (1). Det avgjer sjølv korleis oppteljinga skal skje, til dømes om ein skal gå til førebels oppteljing av valtingsrøyster ute på røystestadene, om røystene skal flyttast til annan røystestad for oppteljing, eller om all oppteljing skal skje sentralt hos valstyret. Førebels oppteljing av førehandsrøystene skjer normalt hos valstyret.

Valstyret kan likeins avgjere at all oppteljing skal skje i annan kommune eller hos fylkesvalstyret. Slik oppteljing kan vere aktuell ut frå ønsket om eit raskare oppteljingsresultat ved hjelp av maskinelt utstyr. Dersom kommunen vel å utføre oppteljinga i annan kommune eller hos fylkesvalstyret, vil dette likevel ikkje seie at ansvaret for oppteljinga er overlate til eit anna valstyre eller fylkesvalstyret. Valstyret frå kommunen oppteljinga gjeld, må vere til stades ved oppteljinga, jf. valforskrifta § 40. Valstyresmaktene må sjå til at røystesetlar frå fleire kommunar ikkje på nokon måte blir blanda saman. Oppteljinga skal skje separat, i nærvær av valstyret og under tilsyn frå dei.

Oppteljing av røystesetlar i ein annan kommune eller hos fylkesvalstyret er aktuelt både ved førebels og endeleg oppteljing. Avgjerd om kvar og korleis oppteljinga skal skje, blir teken av valstyret. Førebels oppteljing av røyster i ein annan kommune eller hos fylkesvalstyret må likevel ikkje føre til forseinka oppteljing i kommunen.

Det er valstyret sitt ansvar å sjå til at føresetnadene for slik oppteljing er oppfylte.

Dersom valstyret overlèt førebels oppteljing av valtingsrøyster til røystestaden, er det eit vilkår at manntalet i krinsen inneheld minst 100 namn, jf. vallova § 10-4 (2). Er det færre enn

100 namn i manntalet, må førebels oppteljing skje anten hos valstyret eller på ein annan røystestad.

Ved kommunestyreval og fylkestingsval skal røystesetlar teljast opp kvar for seg, jf. vallova § 10-4 (3). Oppteljinga kan skje samstundes, med mindre dette skaper forseinka valoppgjer til fylkestingsvalet.

Vallova § 10-4 (4) slår fast prinsippet om at førehandsrøyster og valtingsrøyster skal teljast opp kvar for seg.

Alle røystesetlar skal teljast opp to gonger, jf. vallova § 10-4 (5). Kommunane skal såleis gjennomføre førebels oppteljing av både førehandsrøyster og valtingsrøyster, men oppteljinga skjer på ulikt tidspunkt.

Ved kommunestyreval og fylkestingsval er det viktig at andre oppteljingsrunden til kommunestyrevalet ikkje seinkar sending av materiell til fylkesvalstyret. Kravet til eit korrekt oppteljingsresultat må likevel gå føre omsynet til raskast mogleg vidaresending av materiell.

Optisk lesing av røystesetlar har ikkje noko å seie når det gjeld kravet om oppteljing i to omgangar. Også ved bruk av slike hjelpemiddel kan det oppstå feil slik at to oppteljingsrundar må til.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår valstyret til å fatte vedtak om at all oppteljing av alle røyster for alle krinsar ved Kommunestyre- og Fylkestingsvalet 2015 skal skje på kommunehuset.

Utskrift til: